

Aktivitetstilbod med musikk og kunst for eldre, 2018.

Stord kulturskule har sidan 2010 fått støtte frå den kulturelle skulesekken til gjennomføring av eit musikk- og aktivitetstilbod for eldre. Tilboden har vore særskilt vellukka og me ynskjer å vidareføra dette.

Tilboden er eit musikk- og aktivitetsprosjekt for eldre som bur på institusjonar og heime. I prosjektet samarbeider me med Frivillighetssentralen (matservering) og eldreinstitusjonar i kommunen. Erfaringane våre er at det kjem om lag 60 eldre på dei månadlege samlingane. Samlingane er lagt til Stord kulturhus og det vert konsertavdeling, samt rørsle/dans, song og sosialt samvær, i neste periode ynskjer me og å legge til rette for ein kunstutstilling. Institusjonane syter for transport. Tilbakemeldingane frå brukarane er gode og opplegget er eit stort lyspunkt i kvardagen til dei eldre.

Stord kulturskule nytter lærarane sin kompetanse som utøvande musikar/kunstnarar og det vil bli varierte konsertar med ulike instrument og song, i tillegg er det med danselærar/pedagog på kvar samling. På ein samling i komande periode ynskjer me å trekke inn lokale kunstnarar som skal ha kunstutstilling i lokalet me nytter til samlingane.

Me legg opp til 6 samlingar i året, 3 om hausten og 3 på våren. Samlingane varer om lag 1,5 til 2 timer kvar gong. Den eine timen er til konsert, allsong og rørsle/dans medan den andre timen brukast til sosiale aktivitetar med servering av kaker og kaffi/te. Kulturskulen tek ansvaret for det kunstnarlege innhaldet. Me nytter foajeen i Stord Kulturhus til gjennomføringa av prosjektet. I Kulturhuset har Kulturskulen også alt utstyr som me vil nytte i prosjektet.

Budsjett:

Honorar til musikarar, dansarar, kunstnarar	50.000,-
<u>Servering</u>	<u>10.000,-</u>
Søknadssum	60.000,-

Førebuing/øving for musikarane, administrasjon og planlegging vert dekka av Stord kulturskule.

Når det gjeld husleige vil me söke om å vidareføre samarbeidet med kulturhuset om mogeleg fortsatt å få nytte Stord kulturhus kostnadsfritt til opplegget.

Me har gode erfaringar med konsertane og publikum set stor pris på dei, me kan godt tenkje oss å framføre konsertane i våre nabokommunar, men da i samarbeid med Frivillighetssentralen i dei aktuelle kommunane.

Stord 3. august 2017

Anne Lene Østvold Jordåen, rektor Stord kulturskule